



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

SIVA - Selskapet for industrivekst SF
Postboks 1253 Torgarden
7462 TRONDHEIM

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/52-23

17. desember 2020

Statsbudsjettet 2021 - Orienteringsbrev til Siva om midlar til administrasjon og gjennomføring av regionale oppdrag

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vil med dette brevet orientere om utbetaling av midlar til administrasjon og gjennomføring av fylkeskommunale oppdrag over kap. 553, post 61 "Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling".

Som ein del av regionreforma fekk fylkeskommunane i 2020 oppdragsgjevaransvaret for mobiliserende og kvalifiserende næringspolitiske verkemidlar forvalta av Innovasjon Noreg og Siva. Målet med verkemidla er å medverke til å mobilisere og utvikle eit verdiskapande næringsliv i distrikt og regionar. Fylkeskommunane har ansvaret for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Innovasjon Noreg og Siva skal forvalte midlane i tråd med gjeldande programplanar.

Departementet tildeler i 2021 fylkeskommunane til saman 780,77 millionar kroner over kap. 553, post 61. Løyvinga inkluderer midlar til administrasjon og gjennomføring for den fovaltninga Innovasjon Noreg og Siva gjer av ordningane.

For Siva vil departementet overføre dei samla midlane til administrasjon og gjennomføring direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. For 2021 utgjer dette 16,318 millionar kroner. Beløpet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane, Siva og departementet. Vederlag for særskilte oppdrag i enkeltfylke(r) knytt til programma som forprosjekt, pilotprosjekt eller liknande, må Siva avklare med den einskilde fylkeskommune.

Ved risiko for at faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnader vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Anne-Merete
Halpern
22 24 72 66

ressursbruk til føremålet, skal Siva avklare med fylkeskommunane, og ekstra midlar kan leggjast til neste års administrasjons- og gjennomføringskostnader. Dersom Siva har ubrukte midlar til administrasjon og gjennomføring ved årets slutt, blir dette overført til neste års oppdrag.

Siva skal i årsrapporten rapportere årleg på dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadene, og kva tildelte midlar til administrasjon og gjennomføring er brukt til.

Departementet vil utbetale midlane til Siva på vegne av fylkeskommunane i to omgangar, i januar og august.

Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Departementet vil delta i dei nasjonale styringsmøta som fylkeskommunane som kollegium vil ha med Siva, og kan også, ved behov, delta i regionale styringsmøte mellom enkeltfylke og Siva.

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet til Siva for 2021 og retningslinjene som er utarbeidd for post 61, sjå vedlegg 1. Rapporteringskalender for 2021 er lagt ved oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Med helsing

Anne Karin Hamre (e.f.)
ekspedisjonssjef

Anne-Merete Halpern
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg 1: Retningslinjer for kap. 553, post 61 over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett

Kopi

Agder fylkeskommune
Innlandet fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nærings- og fiskeridepartementet
Oslo kommune
Riksrevisjonen
Rogaland fylkeskommune
Troms og Finnmark fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vestfold og Telemark fylkeskommune
Vestland fylkeskommune
Viken fylkeskommune